

Ove og Åshild Hope Herland
Mongstadvegen 826
5953 Fønnes

23.november 2014

Lindås kommune
V Christian H. Reinshol

Innspel til planprogram for massehandtering

Som eigarar av gnr 126, bnr 2 og 4 kan vi ta imot store massar jord i samband med opparbeiding av nytt næringsareal på Mongstad. **Jordtipp på vår eigedom samsvarar på alle punkt med målsetjinga i Planprogram for Kommunedelplan for massehandtering – Lindåsneset med Mongstad**

Jordtipp på vår eigedom har desse føremonene:

- Vi kan ta imot minimum 700.000 m³ jord. Det vil seie at vi har plass til all jorda dei har trong for å plassere i samband med utviding av Mongstad base.
- Berre på vår eigedom får ein oppfylt målet i planprogrammet om massar som skal nyttast til landbruksføremål, - dette syner at målsetjinga på 10% er for lav.
- Vi grensar til industriområdet på Mongstad og massane kan handterast utan å nytte offentleg veg og med svært kort transport. Dette vil vere ei stor føremon for miljøet, for trafikktryggleiken og for industrien. Industrien kan nytte store kjøretøy som vil gje rask og effektiv flytting av massar
- Det står i planprogrammet at det kan vere aktuelt å nytte deler av Litlåsåsen som i gjeldande kommuneplan ligg inne som omsynssone for landskap og friluftsliv. Ved å nytte vår eigedom til massehandtering kjem ein ikkje i konflikt med Litlåsåsen, med unntak av veg som må gå over. Det meste av vegen vil gå over vår eigedom, og denne kan seinare nyttast til skogsveg eller takast bort.
- Eller - det vil vere mogeleg for Lindås kommune å nytte vegane på/til tippet til fornying av vassleidning frå Sjursetvatnet og Rotevatnet både til oljeraffineriet og til basen.
- Jordtipp hjå oss samsvarar med strategiane i klimaplan for Hordaland der det heietar at ein skal utnytta lokale naturgitte fortrinn og tilhøve, og satsa på berekraftig matproduksjon i Hordaland.

Med vennleg helsing

Ove Herland

Åshild Hope Herland

Kopi til : Lindås kommune ved Nils Kaalaas og Arnold Matre